

Til Universitetet i Stavanger

HR- avdelinga

Høyring på forslag til organisasjons- og leiingsstruktur under tilsett rektor


Jamfør styrevedtak i sak 52/16 kor ny leiingsstruktur blir innført frå 1. august 2019 ved UiS. Rektor vil bli tilsett på åremål og får det samla ansvar for leiinga av institusjonen.

Arbeidsgruppa oppnevnt av universitetsdirektøren for å utgreie framtidig organisasjons- og leiingsstruktur på nivået under tilsett rektor, har levert ei innstilling med forslag til tre modellar. Dei vesentlege skiljelinjene dreier seg om talet på og type prorektorar og organisering av kommunikasjon og samfunnskontakt.

Til skilnad frå arbeidsgruppa som går inn for modell 3, går FO ved UiS inn for at universitetet vel ein modell med to prorektorar. Vi meiner at det å ha ein eigen prorektor for samfunnsengasjement og innovasjon (modell 3) skaper eit for oppsplitta ansvarsområde for prorektorane, samt at det er ei meirutgift som vi ikkje kan sjå at universitetet i Stavanger har behov når vi ser dette i relasjon til talet på studentar og tilsette. Dessutan meiner vi at innovasjon bør sjåast i samanheng med forskning. Samfunnskontakt er det viktig at skjer også på så lågt nivå i organisasjonen som muleg. Vi går derfor inn for modell 1 kor det er ein prorektor for utdanning og ein for forskning & innovasjon. Til skilnad frå modell 2, så er kommunikasjons og samfunnskontakten plassert slik at den er betre tilgjengeleg for leiarar på ulike nivå i organisasjonen.

FO gir med dette si støtte til modell 1.

Stavanger 24. april 2018



Siv Oltedal

Leiar i Fellesorganisasjonen (FO)

Universitetet i Stavanger